



Ann Irene Sæle tar mot spente skulekameratar då dei kom til Haugland.

I dag har skulekameratane i Undarheim barnehage hatt ein kjekk dag på Haugland skulemuseum. Skulekameratane skal jo vere klar for skulestart til hausten, og i dag har dei fått kjennskap til korleis det var å gå på skulen i gamle dagar. Dei har hatt eit variert program med både inne- og uteaktivitetar.



[Her vert det undervist i helselære med gode, gamle plansjar.](#)

Ann Irene Sæle var kledd i gammal stil då ho tok mot barna på skulebakken. Då hadde dei kome med buss frå Husnes til Haugland.

Vel inne i den gamle skulestova fekk skulekameratane smaksprøvar på ulike fag frå den gamle skulen. I undervisninga vart det sjølvstekt brukt undervisningsmiddel frå gammal tid. I tillegg fortalde leiarane om korleis det var å gå på skulen i gamle dagar.



Koseleg matpause ute

Friminutta vart fylt med gamle, kjekke leikar. Dei lærte og å lage sprettert. Elevane likte både inne- og uteaktivitetane svært godt. Blide og fornøgde var dei då uskedalen.no stakk innom like før heimreise. Dei syns det hadde vore stas å ha ein spennande dag i og rundt den gamle skulen.

Ann Irene Sæle kunne fortelje at det var ein årviss tradisjon at skulekameratane frå Undarheim reiste til Haugland skulemusum. Det var alltid like alltid populært, og det var ein del av Den kulturelle nistepakken.



Bro, bro, brille var ein av tradisjonsleikane dei hadde.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Undarheim barnehage